

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Margreta Hauge Clementsen  
Arkivsaksnr.: 18/2062 - 4

Arkiv: H30 &85

---

### Planlagt behandling:

Senior og brukarråd – til orientering  
Hovudutval for helse og velferd

## UTGREIING AV BEHOV OG MULIGHETER FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID

### Bakgrunn for saka

Klepp kommune sendte henvending til Time etter følgende vedtak i hovudutval for helse og velferd 30.05.2018:

*«Helse og velferd sender en formell forespørsel til Time kommune om deres interesse for å utrede et mulig interkommunalt tilbud for personer med demens med stort skjermingsbehov i institusjon».* (Se vedlegg)

### Vidare saksgang

Time og Klepp kommune hadde eit møte om temaet den 25.10.18. To sentrale tema vart drøfta:

1. Utgreia behov og moglegheiter til eit interkommunalt butilbod for innbyggjarar med demens med stort skjermingsbehov i institusjon.
2. Utgreia behov og moglegheiter for eit interkommunalt butilbod for eldre innbyggjarar som har nedsett buevne på grunn av rus- og/eller psykiske vanskar.

Kommunalsjef for omsorg i Time kommune og kommunalsjef for helse og velferd i Klepp kommune vil, om ei slik utgreiing vert sett i gang, setta opp tilsette og brukarrepresentantar som deltakarar i utgreiinga.

### Vurdering

Rådmannen vurderer at behov og moglegheiter for interkommunalt institusjonstilbod for innbyggjarar med demens og stort skjermingsbehov samt eit interkommunalt butilbod for eldre innbyggjarar med nedsett buevne på grunn av rus- og/eller psykiske vanskar bør utgreiast.

Rådmannen får mandat til at Klepp kommune inngår eit samarbeid med Time kommune om utgreiing. Målet er å utgreia behov og moglegheiter for eit interkommunalt institusjonstilbod for innbyggjarar med demens og store skjermingsbehov samt eit interkommunalt butilbod for eldre innbyggjarar med nedsett buevne på grunn av rus- og/eller psykiske vanskar. Utgreiingsrapporten vil verta lagt fram til politisk behandling.

### Vedlegg:

- Interkommunalt tilbod - demente med stort skjermingsbehov i institusjon

### Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Hovudutval for helse og velferd gir rådmannen mandat til å utgreia behov og moglegheiter for eit interkommunalt institusjonstilbod for innbyggjarar med demens og store skjermingsbehov

samt eit interkommunalt butilbod for eldre innbyggjarar med nedsett buevne på grunn av rus- og/eller psykiske vanskar, i samarbeid med Time kommune.

Rådmannen i Klepp 13.11.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*